



Vår dato:

31.08.2022

Vår ref:

2021/5498

Dykkar dato:

Dykkar ref:

PLAN-20/307-32

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

**Vestnes kommune  
Reguleringsplan Salmar Genetics Vågstranda  
Fråsegn til 2. gongs høyring - motsegn**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Planforslag for detaljregulering for Salmar Genetics Vågstranda er sendt på 2.gongs høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av dagens anlegg for hånd av stamfisk, avl og produksjon av rogn. Dette inneber utfylling i sjø, utviding av areal til næringsføremål og formalisering av dagens kai.

Statsforvaltaren fremma i brev av 05.01.2022 motsegn til første gongs planforslag. Motsegna gjaldt følgande:

*«Vi vurderer at stranden sin verdi for friluftsliv, barn og unge og ålmenne interesser ikkje er tilfredsstillande utgreidd. Dette gjeld også konsekvensane for desse verdiane, samt landskapsverknader.*

*Vi fremmer **motsegn** fordi plana ikkje er tilstrekkeleg opplyst jf. plan- og bygningslova § 4-2, rundskriv T-2/16 punkt 3.11 og rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5»*

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader til planforslaget på 2.gongs høyring:

## Strandsone

I vår fråsegn til første gongs høyring skreiv vi at vi sakna ei nærmare utgreiing av bruken og verdien av friområdet som ligg vest for næringsområdet.

I nytt planforslag er friområdet nærmare drøfta. Det er også gjort ei vurdering av anna tilgjengeleg strandsone i Reistaddalen. Verdien av det aktuelle friområdet er framleis noko underkommunisert. Statsforvaltaren var på synfaring på staden 19.08.2022. Stranda er eit flott friområde med store kvalitetar. Det er ikkje tilrettelagt for tilkomst i dag. Sjølv om stranda har ein stor verdi slik ho ligg i dag, kan området bli meir attraktiv for fleire med aktiv tilrettelegging frå kommunen.

Utviding av næringsføremål inn i friområdet er i utgangspunktet uheldig. Utbygginga vil fortrenge ålmenta frå den delen av stranda som er minst privatisert av bustader i dag. Det er difor viktig at plana sikrar avbøtande tiltak som tek vare på allmenne interesser i området, og hever verdien og bruken av området.

Det er i revidert planforslag lagt inn tilkomstveg og erstatningsareal. Dette gjeld areal som delvis ligg som bustadføremål i gjeldande kommunedelplan. Vi vurderer at tilkomstveg vil betre tilkomsten til friområdet, og er eit godt avbøtande tiltak. Vi vurderer også at erstatningsarealet kan gje ein ny verdi til området. Kanskje ikkje opparbeidning av leikeareal er det viktigaste, men tilrettelegging med plen der ein kan opphalde seg/sole seg, samt aktivitetar knytt til bading er positivt.

Vi vurderer at det også er viktig at utfylling mot friområdet blir utforma på ein tiltalande måte, som inviterer til opphold. Ei vilkårleg steinfylling vil gje ei negativ visuell påverknad på friområdet, og vil ikkje innby til opphold. For å redusere dei negative verknadene på friområdet må det difor stillast krav om utforming av fylling som inviterer til opphold. Foto under viser eit døme på ei slik utforming:



Om ein sikrar dette i plana vil ikkje utfyllinga berre gi negativ påverknad på friområdet, men også tilføre ein ny bruk for ålmenta.

### Landskap

På synfaringa møtte vi naboar som stilte spørsmål ved illustrasjonane som var utarbeidd. Vi gav tilbakemelding til kommune og tiltakshavar at dei burde sette opp stolpar som viste i praksis kor høge bygningar ein opna for. Dette skal vere gjort, jamfør epost frå tiltakshavar 26.08.2022. Vi rår til at kommunen informerer naboane/ dei berørte om dette.

Statsforvaltaren vurderer at bygging av store bygg i strandsona i utgangspunktet er uheldig. Men vi ser også at bygget vil gje eit ryddigare uttrykk i området. Vi vil rå til at det blir sett på alternativ med mindre bygg, men det er ikkje noko vi vil krevje ut frå landskapsomsynet.

Revidert planforslag har følgt opp våre merknader og motsegn til første gongs høyring i ein slik grad at vi kan **trekke vår motsegn** knytt til at saka ikkje var tilstrekkeleg opplyst jamfør plan og bygningslova § 4-2 og rundskriv T-2/16 punkt 3.11.

### Barn og unge

Vi reiste ved første gongs høyring motsegn til planforslaget fordi det ikkje var sikre erstatningsareal jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planleggingen, punkt 5d*.

Ved andre gongs høyring er det sikra erstatningsareal og tilkomstveg, og vi kan **trekke motsegna med vilkår**. Det må stillast krav om at fyllinga mot friområdet skal utformast på ein måte som inviterer til opphold for ålmenta, som til dømes trappeutforming.

### Samfunnstryggleik

Til første gongs offentleg ettersyn gjorde NVE kommunen merksam på at tiltakshavar òg må vurdere om planområdet kan ligge i utløpsområde for kvikkleireskred. Denne merknaden er ikkje følt opp til andre gongs offentleg ettersyn. Dette er ikkje tilfredsstillande. Det må vurderast om det er mogleg marin leire høgare opp i terrenget slik at planområdet kan bli treft av eit skred som lausnar derfrå. Utan ein slik vurdering vil ikkje planen dokumentere tilstrekkeleg skredtryggleik i samsvar med NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*».

Statsforvaltaren har bedt NVE kvalitetssjekke dokumentasjonen av grunnforholda. Vi har fått svar frå NVE som skriv at det er utført ein rein datarapport som ikkje inneheld geotekniske vurderingar.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det er tilfredsstillande dokumentert at planlagt utbygging vil tilfredsstille tryggleikskrava til skred. ROS-analysen er **mangefull**. Statsforvaltaren har **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova §§ 4-3 og 28-1.

### Konklusjon

Statsforvaltaren **trekker vår motsegn med vilkår** om at det blir stilt krav om at utforminga av fyllinga mot friområdet i vest blir utført på ein tiltalande måte som inviterer til opphold (som til dømes trappeutforming).

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til planforslaget fordi det ikkje er dokumentert at planlagt utbygging vil tilfredsstille tryggleikskrava til skred, jamfør plan og bygningslova §§4-3 og 28-1.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)  
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

STATENS VEGVESEN  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
NVE VEST

|                         |      |             |
|-------------------------|------|-------------|
| Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| Postboks 2500           | 6404 | MOLDE       |
| Naustdalsvegen 1B       | 6800 | FØRDE       |